

Sak: 07-22. Årsrapport styring og leiing

Styret sin tilråding til vedtak:

Representantskapet tek sak vedkomande Årsrapport styring og leiing, til vitande.

Saksutgreiing


Styret i VØR er av eigarane kommunestyra, pålagt å lage årleg rapport om styring og leiing, og legge den fram for representantskapet til godkjenning, saman med årleg styre-evaluering. Innhaldet skal følgje «KS sin Anbefaling nr 12: Rutiner for å sikre riktig kompetanse i selskapsstyrene» som ligg ved saka. Ein del av planen er og å legge fram ei oversikt over saker handsama sist år og saker planlagt i det året ein er inne i. Dette ligg ved som vedlegg til saka.

Punktvis inneheld anbefaling nr 12 punkt som er følgt opp slik:

- *Fastsetter styreinstruks og instruks for daglig leder med særlig vekt på en klar intern ansvars- og oppgåvefordeling.*
Representantskapet fastsette instruks for styret, med heimel i selskapsavtalen, i sak 07-20 den 28.04.2020. Dette er del av ISO 9001 kvalitetsrutinane til VØR.
I samband med at representantskapet har vedteke å endre slagord, skal Policy dokumentet opp til handsaming på nytt i deira møte i april.
Styret fastsetter dagleg leiar sin instruks. Den vert gjennomgått årleg og sist lagt fram for styret i sak 54-21 den 26.10.2021, i samband med styret sitt arbeid med å tilsette ny dagleg leiar.
- *Gjennomfører eigenevaluering kvart år.*
Dette gjorde styret i sak 45-21 der dette var hovudtema på møtet. Referat frå styret sin eigenevaluering ligg ved saka.
- *Vurderer behovet for ekstern styreopplæring.*
Opplæring i form av eksterne synfaringar og eksterne seminar / kurs er hindra av Covid -19. Administrasjonen har eit stykke på veg, kompensert med opplæringssekvensar i styremøte. Mellom anna orienterte dagleg leiar i Årim om organiseringsmåtar og innkjøpsregelverket i styremøte 02.02.2021. Vidare har vi hatt temapresentasjonar i styremøta, der ein har gått i djupna på utvalde områder. Innsamling av plastemballasje. Digitalisering. Ettersorteringsanlegg på møte i juni. Reiser, synfaringar og møter med styra i dei andre naboselskapa må vente til Covid-19 er betre under kontroll.
- *Gjennomfører eigne styreseminar om roller, ansvar og oppgåver.*
Den årlege styreevalueringa vart gjennomført som eit 2 timars seminar med berre styret sine valde medlemar tilstade den 26.10.2021 i sak 45-21. Representantskapet sin leiar og dagleg leiar deltok ikkje på møtet.
- *Fastsetter ein årleg plan for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring.*
Årleg plan med kva saker styret vil ha handsama er lagt ved saka, og vart vedteken i sak 55-21. Årshjulet bygger i stor grad på lovkrav og kva som vert fastsett i Strategiplan som er styrande for økonomiplan som igjen er styrande for årsbudsjettet. Lovkrava er slik som t.d. rekneskapsrapportar som skal handterast tre gangar pr. år. HMS gjennomgang, avtalar mellom heileigde selskap, økonomiplan, årsbudsjett osb.

Dagleg leiar er pålagt å rapportere status og framdrift i ein rapport i kvart enkelt styremøte. Slik følgjer styret opp at selskapet sine mål vert følgde.

- *Legge årsrapport om sin aktivitet fram for representantskapet.*
Styret har handsama sakene frå 25-21 til og med 59-21 etter representantskapsmøtet i april 2021. Sakene styret har handsama frå januar 2022 fram til representantskapsmøtet i april, kjem fram på oppdatert vedlegg i denne saka. Innhaldet i sakene og tema for opplæringa går fram av oversikta på dei neste sidene.



Petter Bjørdal
Dagleg leiar

Vedlegg:

Ks sin anbefaling om eierstyring m.m.

https://www.ks.no/contentassets/fb95418a8bab40d69235844e212abb6f/ks-anbefalinger-eierstyring_digital.pdf

Oversyn over saker handsama av styret og representantskapet.

Styreevaluering VØR 2021.

Sak 55-21 Møteplan 2022 med oppdatert oversyn over saker handsama i perioden april 2021 til april 2022.

KS sin anbefaling 12 om eierstyring:

RUTINER FOR Å SIKRE RIKTIG KOMPETANSE I SELSKAPSSTYRENE Eier har ansvar for å sikre at styret har den nødvendige kompetansen for å nå selskapets mål. Eier bør også anbefale styret selv jevnlig å vurdere egen kompetanse ut fra eiernes formål med selskapet. Det er derfor anbefalt flere rutiner for å sikre nødvendig kompetanse. For å sikre utvikling av nødvendig kompetanse i styret anbefales det at styret etablerer følgende rutiner:

- Fastsetter styreinstruks og instruks for daglig leder med særlig vekt på en klar intern ansvars- og oppgavefordeling.
- Foretar en egevaluering hvert år.
- Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmer skal gis opplæring om ansvar, oppgaver og rollefordeling.
- Gjennomfører egne styreseminarer om roller, ansvar og oppgaver.
- Fastsetter en årlig plan, herunder møteplan, for sitt arbeid med vekt på mål, strategi og gjennomføring.
- Gir en samlet redegjørelse for selskapets styring og ledelse i en årsrapport.

Sak 55-21 Møteplan 2022

Vedtak. (5 røysteføre)

Styret vedtek slike møtedagar i 2022: 8 februar, 29 mars, 7 juni, 27 september, 29 november.
Representantskapen: 26 april, 25 oktober.

Saksutgreiing

Eg har revidert årshjulet som styret vedtok for 2021. I 2022 legg vi opp til same prosessen i høve kva saker ein skal igjennom og med 5 styremøter. Møter knytt til tilsetting av ny dagleg leiar kjem i tillegg, og er ikkje med i dette oversynet.

Melsingdet 3 får vi tilgang til 15 juni. Eg veit ikkje no om dato held seg opp att og om vi får på plass inventar, trådløst nett med meir som må vere der på opningsdato. Men det vert ei eller anna markering mellom 15-20 juni.


Møtedagane er lagt til tysdagar, dagar vi har ope på anlegget. Dette er praktisk i høve bom styring og høvet til å kome og reise når det passar.

Møtedatoar 2022.

Vi foreslår følgjande møtedatoar for styret: 8 februar, 29 mars, 7 juni, 27 september, 29 november.

Vi foreslår følgjande møtedatoar for representantskapet: 26 april, 25 oktober.

Petter Bjørdal
Dagleg leiar



Vedlegg:

Møteplan

Kalender 2022

Oversyn over saker handsama i styret og representantskapet i 2021

Møteplan 2022 med førebels oversyn over saker som skal vere med:

Møte 8 februar:

Dagleg leiar sin rapport. Status Melsgjerdet 3, Arbeidsgjennomgang første utkast til årsmelding 2021. Arbeidsgjennomgang av første utkast melding vedk. måloppnåing 2020.

Evt. Tap på krav.

Godkjenning av avtalar mellom VØR og RSS. Årsrapport styring og leiing 2021. Referatsaker

Møte 29 mars:

Dagleg leiar sin rapport, Status Melsgjerdet 3, Resultat mot budsjett 2020. Årsmelding, rekneskap. Melding om måloppnåing 2021. Referatsaker:

Møte 7 juni:

Dagleg leiar sin rapport, Status Melsgjerdet 3, Resultatet for 1 tertial. Strategi- og kommunikasjonsplan 2023-26, Referatsaker: Årsmeldingar i selskap med eigarskap i.

Møte 27 september:

Dagleg leiar sin rapport, Resultatet for 2 tertial, Økonomiplan 2023-26, Budsjett for komande år. Byggerekneskap for Melsgjerdet 3

Møte 29 november

Dagleg leiar sin rapport, Betalingssatsar 2022 miljøstasjon / mini gjenbruksstasjon, Styret sin eigenevaluering, Møteplan 2023. Retura sin time, Referatsaker:

Representantskapet:

Møte 26 april


Dagleg leiar sin rapport, Årsrapport styring og leiing 2021. Årsmelding, rekneskap og melding om måloppnåing for året før, med samanstilling mot budsjett same år og året før.

Referatsaker:

Møte 25 oktober

Dagleg leiar sin rapport, Strategiplan 2023-26, Økonomiplan 2023-26
Budsjett for komande år. Referatsaker:

Petter Bjørdal
Dagleg leiar



Oversyn av saker handsama i styret og representantskapet i perioden april 2021 til april 2022.

STYRET:

Møte 8 juni:

- Sak 25-21 Dagleg leiar sin rapport inkl. Presentasjonar. RBM-21. Ettersorteringsanlegg Melsgjerdet 3. Papirpose kontra plastpose til matavfall.
- Sak 26-21 Resultatet mot budsjett for 1 tertial.
- Sak 27-21 Presentasjon av RBM-21 og Norfakta sin spørjeundersøking,
- Sak 28-21 Eiga innsamling av plastemballsje
- Sak 29-21 Referatsaker.
- Sak 30-21 Differensiering av gebyr – vegen vidare
- Sak 31-21 Godkjenning av møtebok

Møte 24 august:

- Sak 32-21 Dagleg leiar sin rapport
- Sak 33-21 Differensiering av gebyr – vegen vidare
- Sak 34-21 Status bygging Melsgjerdet
- Sak 35-21 Tilsettingsprosess dagleg leiar
- Sak 36-21 Strategi og kommunikasjonsplan 2022-25
- Sak 37-21 Økonomiplan 2022-25
- Sak 38-21 Budsjett 2022.
- Sak 39-21 Referatsaker
- Sak 40-21 Godkjenning av møtebok

Møte 26 oktober:

- Sak 41-21 Dagleg leiar sin rapport
- Sak 42-21 Resultatet mot budsjett for 2 tertial.
- Sak 43-21 Status Melsgjerdet
- Sak 44-21 Tilsetting av ny dagleg leiar
- Sak 45-21 Styrets eigenevaluering
- Sak 46-21 Betalingsstassar 2021. Miljøstasjon/ mini gjenbruksstasjon
- Sak 47-21 Fastsetting løn dagleg leiar
- Sak 48-21 Låneopptak 2021
- Sak 49-21 Referatsaker
- Sak 50-21 Godkjenning av møtebok

Møte 7 desember

- Sak 51-21 Dagleg leiar sin rapport
- Sak 52-21 Status Melsgjerdet 3
- Sak 53-21 Klage på gebyr
- Sak 54-21 Tilsetting dagleg leiar
- Sak 55-21 Møteplan 2022
- Sak 56-21 Tap på krav. Unnateke offl. § 13.
- Sak 57-21 Referatsaker

- Sak 58-21 Temamøte. Retura Søre Sunnmøre sin time.
Sak 59-21 Godkjenning av møtebok

Møte 8 februar

- Sak 01-22 Dagleg leiar sin rapport (presentasjon)
Sak 02-22 Godkjenning av avtalar mellom VØR og RSS.
Sak 03-22 Arbeidsgjennomgang første utkast til årsmelding 2021. Utsett off.§14.1 ledd
Sak 04-22 Melding vedk. måloppnåing 2021. Utsett off.§14.1 ledd
Sak 05-22 Styret sin gjennomgang av mål og retningsliner for VØR
Sak 06-22 Nytt slagord for VØR som inkluderar klimaperspektivet
Sak 07-22 Årsrapport styring og leiing
Sak 08-22 Vidare framdrift for etablering av biogassanlegg.
Sak 09-21 Status Melsgjerdet 3
Sak 10-21 Låneopptak 2022
Sak 11-22 Tilsetting ny dagleg leiar
Sak 12-22 Referatsaker
Sak 13-22 Godkjenning av møtebok

Møte 29 mars

- Sak 14-22 Dagleg leiar sin rapport (presentasjon)
Sak 15-21 Status Melsgjerdet 3
Sak 16-21 Resultatet mot budsjett 2021
Sak 17-22 Årsmelding og rekneskap 2021
Sak 18-22 Melding vedk. måloppnåing 2021
Sak 19-22 Referatsaker
Sak 20-22 Godkjenning av møtebok

Representantskapet:

Møte 27 april

- Sak 01-21 Dagleg leiar sin rapport
Sak 02-21 Resultat mot budsjett 2019.
Sak 03-21 Godkjenning av melding vedkomande måloppnåing 2020.
Sak 04-21 Årsmelding 2020.
Sak 05-21 Årsrekneskap 2020.
Sak 06-21 Årsrapport styring og leiing.
Sak 07-21 Val av revisor
Sak 08-21 Fastsetting av styrehonorar
Sak 09-21 Referatsaker:


Møte 28 september

- Sak 10-21 Dagleg leiar sin rapport,
Sak 11-21 Differensiering av gebyr – vegen vidare
Sak 12-21 Strategi og kommunikasjonsplan 2022-25
Sak 13-21 Økonomiplan 2022-25
Sak 14-21 Budsjett 2022.

Sak 15-21 Referatsaker.

Rett oversyn 12.01.2022

Petter Bjørdal
Dagleg leiar

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Petter Bjørdal', with a stylized, looping flourish extending to the right.

Sak 45-21 Styret si eigenevaluering

Vedtak:

Styret vedtek eigenevaluering 2021 slik det kjem fram av eigenevalueringsskjema.

(Sjå vedlegg)

Samrøystes

Merknader:

Resultatet som kjem fram av styret sitt eigenevalueringsskjema er ei oppsummering av individuelle evalueringar gjort av styremedlemmene og diskusjon/samordning gjort i styremøte.

Alle punkta er nøye vurderte.

Gjennomgangen i styret viser at styremedlemmene og eit samla styre har høge ambisjonar for arbeidet til beste for VØR. Dette kjem m.a. fram av punkta som er merkte med NB. Felles for desse punkta er at vi som styre framleis føler at vi har noko å strekke oss etter, og det meiner vi er bra.

Så er det sjølvsagt eit spørsmål om kor høgt ambisjonsnivået skal vere.

Styret opplever å ha hatt ein open og tillitsfull tone med rom for kritiske spørsmål og gode diskusjonar både mellom styremedlemmene og i forholdet mellom styret og dagleg leiar.

Vi takkar dagleg leiar for saksutgreiingar av høg kvalitet, grundige orienteringar og oppdateringar og for godt samarbeid.

Anne Ellingsen
styreleiar.

Nr	Påstand / situasjonsbeskriving	Helst ueinig	Delvis ueinig	Delvis einig	Helst einig
24	Vi følgjer opp drifta på ein slik måte at styret ikkje tek det administrative ansvaret frå dagleg leiars				X
25	Styret bidreg til å utvikle organisasjonen sin kompetanse for å møte framtidige behov			X	
26	Styret gir dagleg leiars god støtte i spesielt krevjande saker eller situasjonar				X
27	Styret har ein arbeidsplan som sikrar at viktige saker kjem opp til rett tid				X
28	Vi brukar tilstrekkeleg tid på å drøfte saker som angår kundar og samarbeidspartnarar				X
29	Styret veit nok om verksemda sitt indre liv til å drøfte spørsmål om medarbeidartilfredshet			X	
30	Styret viser interesse for tema som angår verksemda sitt etiske ansvar			X	
31	Eg følger meg komfortabel med dei avgjerder vi treff som angår menneske, moral og etikk			X	
32	Styret har god oppfølging av spørsmål som gjeld helse, miljø og sikkerheit			X	
33	Styret bidreg til nytenking med omsyn til framtidige behov hos kundar og samarbeidspartnarar			X	
34	Mitt inntrykk er at dagleg leiars finn samarbeidet med styret motiverande				X
35	Styret har ei tilstrekkeleg variert samansetning til å vere eit godt kollegium				X
36	Totalt sett tykkjer eg at vi er eit velfungerande styre for denne verksemda				X

NB

NB

NB

NB

NB

NB

Nr	Påstand / situasjonsbeskriving	Heilt ueinig	Delvis ueinig	Delvis einig	Heit einig
1	Dokumentasjonen styret får tilsendt før styremøta gir høve til gode førebuingar				X
2	I styremøta har vi nok tid til å handsame sakene på ein tiffredsstillande måte				X
3	Det er ein open tone i styremøta som gjer det lett å sei si meining				X
4	I vårt styre opplever eg at alle stiller godt førebudd til styremøta				X
5	Når styret har landa sine avgjelder føler eg meg vanlegvis trygg på at det var kloke og fornuftige vedtak			X	
6	Saker vedteke i tidlegare styremøte vert følgt opp på ein god og hensiktsmessig måte				X
7	Det er god balanse mellom oppfølging av historiske fakta og framtidens mogelegheiter			X	
8	Eg tykkjer det er god dialog mellom styret og dagleg leiar i styremøta				X
9	Eg tykkjer min kompetanse kjem til sin rett i dette styret				X
10	Eg tykkjer det som står på agendaen er viktige og riktige tema for styret				X
11	Når det gjeld oppfølging av drifta bruker vi tilstrekkeleg tid på dette i styremøta				X
12	Gjennom driftsrapporteringa opplever eg å ha innsikt i verksemda			X	
13	Driftsrapporteringa bruker å føre til gode diskusjonar i styremøta			X	
14	Styret bruker å aksjonere på ein hensiktsmessig måte ved driftsmessige problem		X		
15	Styret har god kontroll på den økonomiske utviklinga i verksemda			X	X
16	Styret er ein positiv pådrivar til å fornye drifta og skape betre resultat i framtida			X	
17	Dagleg leiar set i verk styret sine vedtak på ein god måte				X
18	Styret har tilstrekkeleg kompetansebreidd til å vere eit godt styre for denne verksemda			X	
19	Vi har ein styreinstruks som klargjer styret sitt arbeid				X
20	I styremøta bruker vi tilstrekkeleg tid på å drøfte overordna mål og strategiar				X
21	Vi held fokus på ein god måte med grundig drøfting av våre strategiske tema				X
22	Styret viser stor interesse og engasjement når vi drøfter framtidens utfordringar			X	
23	Våre strategiske vedtak bruker å vere basert på solid faktagrunnlag			X	

NB
NB
NB